

Naturvernforbundet i Orklaregionen
v/ Knut Bonvik
Håggåveien 19 B
7320 Fannrem

Orkdal kommune
postmottak@orkdal.kommune.no

Orkanger 29.10.2012

Høyring – framlegg til planprogram for Orkanger hamn

Vi takkar for brev av 18.09.2012, (ref 2012/6884 6) med invitasjon til å uttale oss. Vi ønskjer å koma med innspel til planprogrammet med krav til KU, slik det er omtalt i «Forslag til planprogram for utvideles av Orkanger Hamn, Grønøra Øst» og vedtak i Hovudutvalg forvaltning 12.09.2012.

Første ledd i ei vesentleg større utbygging?

Det går ein debatt om Orkanger hamn skal bli sentralhamna, eller ei av fleire hovudhamner for omlasting mellom båt og veg i Trondheimsregionen, og på den bakgrunnen er det sannsynleg at det aktuelle framlegget til utviding berre er første ledd i ei ytterlegare utbygging av Orkanger hamn.

Slik sett blir det feil å vurdere akkurat denne utbygginga isolert, og det blir behov for meir overordna avklaringar gjennom planprogrammet

1. Kor stor hamn og kor stor aktivitet ein kan vi ha ved utløpet av Orkla før dette får vesentlege negative påverknader for livet i elva og elva som ein del av eit nasjonalt laksevasdrag?
2. Kor store blir dei totale miljømessige verknadene frå ei utviding av vegtrafikken i Orkdal og gjennom Orkanger, både via E39 i begge retningar og via riksveg 65?
3. Finst det andre, og miljømessig betre lokaliseringar andre stader i Trondheimsregionen for ei sentralhamn enn Orkanger hamn? (Som til dømes Ila/Trolla i Trondheim)
4. Finst det andre og miljømessig betre lokaliseringar for ei eventuell framtidig utvida hamn i Orkdal enn dagens Orkanger hamn?

Det vil bli negative konsekvensar for miljøet totalt sett ved ei ytterlegare utviding av Orkanger hamn inntil Orklas utløp, spesielt dersom ho skal fungere som sentralhamn for Trondheimsregionen.

Vi vil i den samanhangen vise til Naturmangfaldlovas §12: «For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidlige, nåværende og framtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultatene.»

I rettleiinga til §12 frå Direktoratet for Naturforvaltning står det: «Generelt sett skal den løysningen som er best for miljøet velges, selv om den fører til ekstra kostnader.»

Det finst andre lokaliseringar, som i tråd med pålegget om utgreiing i §12 i Naturmangfaldlova, må bli vurderte opp mot ei ytterlegare utviding av dagens hamneområde, for å få avklart om dei er aktuelle og miljømessig betre alternativ enn ei utviding av dagens Orkanger hamn.

Som eit døme på alternativ lokalisering av utvida hamn har det ved fleire høve, seinast i oktober i år, vore lansert hamn ved tidlegare Fisklim og Forstoff, som ligg vesentleg lengre unna Orklas utløp, og som i tillegg kan gje redusert vegtransport gjennom Orkanger.

Andre kommentarar og tillegg til planprogrammet

Punkt 6.6, Samfunnskonskvensar

Beredskap og ulykkesrisiko

Vi er glade for at planprogrammet har med dette punktet, men vil gjerne understreke at dette også må omfatte risikoanalyse av konsekvensane for naturmiljøet og Orkla i samband med ei ytterlegare utviding av hamna ved utløpet av elva. Det vil alltid vera ein risiko for uhell/ utslepp/ brann og liknande i eit hamneområde, og det er ein ekstra risiko for naturmiljøet når ein legg ein slik aktivitet ved utløpet av ei større elv.

Trafikk

I samband med ei vurdering av trafikken, bør ein vurdere stenging av Havnevegen forbi Gammelosen og Terna som eit avbøtande tiltak. Både utvidinga av av hamneområdet med større aktivitet og flyttinga av E39 til Skjenaldalen kan medføre auka trafikk austover på denne vegen, med den negative påverknaden dette vil få for friluftsliv, bumiljø og naturmiljø.

Støy

Støy frå hamneaktiviteten vil koma i tillegg til støy frå industri og trafikk, og sjølv om det viser seg at auken i støy skulle bli liten, samanlikna med den støyen som allereie finst, så vil den heve det generelle støynivået. Ein bør difor også trekke inn ei meir generell vurdering av potensialet for avbøtande tiltak i heile industriområdet.

Beste helsing

Mads Løkeland

For Naturvernforbundet I Orklaregionen

95056726

mads.loekeland@gmail.com